



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/11049-1

## **Møtedatoar 2016 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Møteplan for 2016 vert vedteken slik den ligg føre:

- 4. februar 2016
- 13. april 2016
- 2. juni 2016
- 15. september 2016
- 24. november 2016

Vedlegg:  
Ingen

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Det er ynskjeleg at møteaktiviteten held fram tilsvarande som i 2015. Det vert planlagt og datofesta fem møter i 2016. I tillegg kan det kome ekstra møter etter behov, samt at rådet får aktivitetar i samband med kurs og konferansar.

### **2. Bakgrunn for saka**

Budsjettetramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa. Reglement for fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkestinget i sak nr 36/07. Med heimel i §1 Lov av 17.6.05 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

I samsvar med reglementet held rådet møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det. Dei planlagde møta skal så langt råd vere tilpassa slik at saksdokument vert lagt fram i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfella sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må rådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkomande organ handsamar saka. Målsetjinga er at rådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.

### **4. Konklusjon**

Møtefrekvensen for dei fem planlagde møta i 2016 gir rom for ekstramøter. Det er tilrådeleg å legge møta kvartalsvis gjennom året og på tidspunkt der det vert mogeleg å komme med innspel til relevante politiske avgjerder.